



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD MØTEBOK

Møtestad: Kyrkjetunet i Ølen
Dato: 04.03.26
Tidspunkt: kl 16.30

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Asle Dagsland, kommunal representant Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd Bjørghild Vetarhus, Vikedal sokneråd
------------	---

--

Forfall:	Ola Alne Karianne Dagsland
Vararepr:	Elin Thorsen

Kyrkjerverje: Grethe Halvorsen



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste	Fellestrådet	04.03.26

Saksliste:

09/26	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ SIST MØTE
10/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
11/26	REFERATSAKER
12/26	ORIENTERINGSSAKER
13/26	VEDTAK SIGNERINGSRETT
14/26	VEDTAK SENIORTILTAK
15/26	VEDTAK PRISAR FOR GRAVLEGGING
16/26	REPRESENTASJON I SAMANSLÅTT FELLESRÅD



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
09/26	Fellestrådet	04.03.26

GODKJENNING AV MØTEBOK

Kyrkjevevja tilrår:

Møtebok frå sist møte vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå sist blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
10/26	Fellestrådet	04.03.26

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kyrkjevevja tilrår:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
11/26	Fellestrådet	04.03.26

REFERATSAKER

11/26-1 Tak over inngangsdør i Ølen kyrkje.

Søknaden er godkjent.

11/26-2 Svar på Søknad representasjon til nytt fellestråd

Det blei søkt Kyrkjerådet om dispensasjon frå regelverket når det gjeld representasjon i eit evt felles Fellestråd. Først fekk med avslag, men nå har Kirkerådet komme med eit løysingsforslag til oss. Fellestranda ser på forslaget 18.02. Sjå sak 16/26.

11/26-3 Arne Døske-legatet

Pengane (200 000 kr) vil bli flytta til ein eigen høgrente-konto, der ein lettare kan sjå kor mykje renter ein får. Dersom pengane hadde stått på eigen konto frå starten av, hadde det vore ca 100 000 i renter frå 2013 til no. Det blei stilt spørsmål om ein kan nytta dei 200 000 som står i legatet? Kyrkjevevja prøver å finne ut av det juridiske i saka.

Sakene blei tekne til orientering



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
12/26	Fellestrådet	04.03.26

ORIENTERINGSSAKER

12/26 – 01 Tid for å vurdera soknerådsstrukturen

Det skal vera eit møte 18.mars der Imsland sokneråd og Vikedal sokneråd skal vurdere om dei skal slå seg saman. Kyrkjeverja og prosten blir med.

12/26 – 02 Branntilsyn og kontroll av slokkemidler

Branntilsynet gjekk bra, men det blei avvik på at det mangla årskontroll av slokkemidlene. Me inngjekk ny avtale om årskontroll av slokkemidler med firmaet Noha. Då me var på den kontrollrunden, viste det seg at nesten alt sløkkeutstyr var for gammalt og må skiftast. Dette blir ein stor kostnadsutgift.

12/26- 03 Universell utforming Vats kyrkje

Me skal snart i gong med universell utforming i Vats kyrkje. Komiteen som skal følgje opp arbeidet er Steinar Sørhus, kyrkjeverja og Magnor Vårvik. Sistnemte har jobba som snekker i alle år. Arne Tveit og Procon hjelper til med å sende byggemelding.

12/26 -04 Gravplassvedtekter

For å få godkjent Minnelund må gravplassvedtektene til Vindafjord fornyast. Kyrkjeverja er i gong med prosessen, men den er omstendeleg og tidkrevjande. Kyrkjeverja skal ha møte med statsforvaltarkontoret i Vestfold og Telemark 16.mars. Etter det må vedtektene vedtakast i Fellestrådet. Kommunen skal involverast, og dei skal ut på høyring, før dei blir endeleg vedteke.

Sakene blei tekne til orientering



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
13/26	Fellestrådet	04.03.26

Vedtak om signeringsrett

I Brønnøysundregisteret må det no (frå 2026) registrerast med protokoll og fullmakt, eller delegasjonsmyndigheit, kven som kan signere dokumenter for Fellestrådet. Det er dagleg leiar som skal ha denne signaturretten.

Kyrkjeverja ber derfor om eit vedtak som kan leggjast inn i systemet i Brønnøysundregisteret som viser at ho har fullmakt til å signere dokument på vegne av Vindafjord kyrkjelege fellestråd.

Kyrkjeverja tilrår følgjande vedtak:

Fullmakt til signering

Grethe Halvorsen, dagleg leiar i Vindafjord kyrkjelege fellestråd, har signaturrett på vegne av Vindafjord kyrkjelege fellestråd, og sokna som høyrer til under fellestrådet:

Skjold sokn, Vats sokn, Vikebygd sokn, Ølen og Bjoa sokn, Sandeid sokn, Vikedal sokn og Imsland sokn.

Samrøystes vedtak

Fellestrådet gir kyrkjeverja fullmakt til å signere på vegne av Vindafjord Kyrkjelege Fellestråd og tilhøyrande sokn.



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
14/26	Fellesrådet	04.03.26

Vedtak om seniortiltak

Alle verksemdar er pålagde å ha seniortiltak for dei som er fylte 62 år. Kyrkjevevja har laga eit forslag, med utgangspunkt i nabo-fellesråd sine tiltak.(sjå under)



DEN NORSKE KYRKJA
i Vindafjord

Seniortiltak i Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Når den tilsette blir 60 år skal han/ho få tilbod om ein seniorsamtale. Seniorsamtalen skal ta utgangspunkt i HTA § 3.2.3

Tiltak den tilsette kan søkja om:

1. Tilskot til trening/fysisk aktivitet med inntil kr 1500,-/halvår. Vil bli utbetalt mot framvising av kvittering.
2. Det skal vurderast om det er behov og mulighet for tilpassa arbeidstid og/eller tilrettelegging av arbeidsoppgåver.
3. Det skal og gis ekstra tilbod om vedlikehald og vidareutvikling av kompetanse.
4. Inntil 5 dagar ekstra **fri** pr. år. Desse skal t.d. nyttast til trening, ev anna helsefremjande aktivitet, kompetanseheving, retreat eller liknande.
5. Punkt 2 og 3 må sjåast i samanheng med arbeidsplassen sine behov og har ei kostnadsramme på kr 10000,-/år.

Tiltaka kan gis til tilsette over 62 år som arbeidar i minimum 25% stilling. For deltidstilsette vert seniordagane (punkt 4), samt sum i punkt 5 redusert tilsvarande stillingstørrelsen.

Punkt 1 kan innvilgast til tilsette over 58 år og gjeld alle i fast stilling uavhengig av stillingstørrelse.

Søkjar:

Født:

Stilling:	Stillingsprosent:
Trening/fysisk aktivitet, beskriv;	
Ønsker følgjande tilrettelegging, jf punkt 2 og 3: (Ta også å beskriv ev kostnader mv)	
Ønskjer å ta fri og vil nytta den tida til følgande, jf punkt 4	
_____ _____ Underskrift søker Dato	

SØKNADEN ER INNVILGA: Kryss av (Kyrkjevevje har vedtaksmynde)		JA	NEI
SENIORTILTAKET er innvilga i perioden:		FRÅ	TIL
VILKÅR	Arbeidstakar kan ikkje gå av eller redusera stilling i perioden med seniortiltak.		
Grunngjeving for evt. avslag:			
Dato:		Underskrift kyrkjevevje:	

--	--

Kyrkjeverja tilrår:

Fellesrådet vedtek forslaget til seniortiltak.

Møtehandsaming: Det kom forslag om å fjerne ordet FRI i punkt 4, då dette kan vera misvisande. Ein søker ikkje om fri, men om å få nytte tida til helsefremjande aktivitet, kompetanseheving, retreat o.l.

Samrøystes vedtak:

Fellesrådet vedtek forslaget til seniortiltak, men den endringa som blei foreslått.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
15/26	Fellesrådet	04.03.26

Vedtak av prisar for gravlegging

Gravferder i Vindafjord skal vera gratis for dei som bur i kommunen. Nokre gonger er det personar som er busett utanfor kommunen som ynskjer å bli gravlagt i Vindafjord. Dette må dei pårørande betale. Det gjeld både kistegraver og urnegraver.

Dersom ein person som ikkje var medlem av den norske kyrkje ynskjer å ha gravferd i kyrkja, må dei pårørande betale for dette.

Vedlagt ligg prisliste for dei utgiftene som Fellesrådet får i forhold til dette. Prisane er oppjustert, sånn at ein omtrent går i null.

Vindafjord kyrkjelege fellesråd

01.01.26

Kistegravlegging eller bisettelse/urnenedsetting av person busett utanfor kommunen:

Leige av kyrkja:	2000
Kyrkjetenar, kyrkjegardsarb:	1800
Organist:	1000
Opning+lukking av grav/ kremasjon:	<u>5000</u>
SUM	9800 kr

Festeavgift for 10 år:

Enkeltgrav:	2500
Dobbelgrav:	5000

Kistegravlegging av person som ikkje er medlem i Den norske kyrkje:

Leige av kyrkja:	2000
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb:	1800
Organist:	<u>1000</u>
SUM	4800

Kyrkjeverja tilrår:

Fellesrådet vedtek prislista slik som ho er satt opp.

Samrøystes vedtak:

Fellesrådet vedtek prislista slik som ho er satt opp.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
16/26	Fellestrådet	04.03.26

Representasjon i nytt samanslått fellestråd

Etter at me hadde fått det negative svaret frå Kirkerådet, blei det via fellestrådsmedlem med sentrale kontaktar teke direkte kontakt med leiinga i Kyrkjerådet. I desse samtalan blei det frå sentrale personar i Kyrkjerådet vist forståing for problemstillingane. Dette har likevel ikkje ført til ny behandling av søknaden, men 6. februar kom ein mail frå Jørund Midttun i Kyrkjerådet med framlegg til korleis me kan møte utfordringa.

« Vi har nå drøftet muligheter for å oppnå målsetningen fra dere om balansert representasjon for Tysvær og Vindafjord. Kirkeordningen ha en forsøkshjemmel i § 8, der det heter:

For å fremme hensiktsmessige organisasjonsformer og en hensiktsmessig oppgavefordeling i og mellom soknene kan Kirkerådet godkjenne forsøk som avviker fra kirkeordningens bestemmelser om organiseringen av soknets organer i kommuner med mer enn ett sokn, oppgavefordelingen mellom disse og deres sammensetning. Kirkerådet kan gi nærmere retningslinjer for forsøk etter denne bestemmelse.

Denne bestemmelsen gir rom for å prøve ut forsøk med alternativ organisering. Som vi har snakket om tidligere, er Kirkerådet av flere grunner ikke innstilt på forsøk som innebærer at mer enn ett sokn er representert av samme person. Derimot kan det være mulig å gjøre det motsatte, altså at noen sokn har mer enn en representant i fellestrådet. Vedlagt følger en kort drøfting av ulike måter å gjøre dette på. Dette dokumentet er behandlet internt hos oss i et par sammenhenger, og vår konklusjon er at modell 2 vil være den som gir størst fleksibilitet, og som derfor antagelig vil være å foretrekke. Men dette kan dere ta en runde på lokalt hos dere. Dere må også gjerne komme med innspill til forslagene, og det er noe dere vil justere på.

Det som i neste omgang må skje er at dere sender en søknad til Kirkerådet om å iverksette et forsøk. Dere kan legge til grunn at et slikt forsøk vil bli innvilget for én valgperiode, altså i første omgang frem til 2032. I lys av de erfaringene som blir gjort med forsøket vil så Kirkerådet ta stilling til om en slik ordning er noe som kan innarbeides i det regulære regelverket.

Tysvær

Sokn	
Førresfjorden	5392
Tysvær	2012
Nedstrand	1471

Vindafjord

Ølen og Bjoa	2100
Skjold	1383
Vats	989
Sandeid	891
Vikedal	708
Vikebygd	442
Imsland	256

Modeller

1. Hvert sokn har ett medlem, sokn med mer enn 2000 får to, over 3000 får tre

Det betyr at Førresfjorden får tre, Tysvær og Ølen og Bjoa får to. Da får Tysvær kommune syv, mens Vindafjord får åtte = Vi er ikke helt i mål. Fellesrådet vil bestå av 15 medlemmer, samt geistlig medlem og to fra kommunene, til sammen 18

2. Alle sokn har ett medlem, men sokn over 1000 kan velge om de vil sende en eller to til.

Betyr at man kan bli enige om at alle sokn i Vindafjord sender ett medlem, men de to minste soknene i Tysfjord kan sende to og det største kan sende tre. Fellesrådet får 14 medlemmer, samt geistlig og to fra kommunene, til sammen 17.

Vurdering

Ingen av modellene er helt ideelle. Modell 1 er mer generell, og kan i større grad brukes andre steder. Nedsiden er at det ikke blir fullstendig likhet mellom de to kommunene. Det kan muligens løses ved at geistlig medlem kommer fra Tysfjord. Det er også snakk om å slå sammen de to minste soknene i Vindafjord.

Modell 2 er mer fleksibel og dessuten mer tilpasset det aktuelle tilfellet, men vil i større grad være avhengig av en felles forståelse/overenskomst»

Alternativa blir då som følger:

Alle sokn har kvar sin representant: Vindafjord 7, Tysvær 3 (vanleg regel)

Kvart sokn har ein representant, sokn med meir enn 2000 innbyggjarar får 2, over 3000 får 3 representantar: Vindafjord 8, Tysvær 7

Alle sokn har ein representant, sokn over 1000 innbyggjarar kan velje om dei vil sende ein eller 2 til: Vindafjord 7, Tysvær 7. Her kan me få likt antal medlemmer.

Dei to siste kan nyttast i kombinasjon med eit AU. Nokre årlege møter med fullt Fellesråd.

Etter møtet i **Fellesnemnda** 18.02, samla representantane seg om dette vedtaket:

1. *Fellesnemnda ber fellesråda ta stilling til om ein skal gå vidare i arbeidet med samanslåing på sitt neste møte. På møtet må ein leggja til grunn ein representasjon etter kyrkjeordninga eller ordning skissert av Kyrkjerådet.*
2. *Fellesnemnda ber og Vindafjord fellesråd drøfta om det kan vera aktuelt å ta eit aktivt arbeid for å slå saman sokn til neste kyrkjeval.*
3. *Fellesnemnda tek stilling til vidare arbeid med prosjektet på sitt neste møte 22. april.*
4. *Fellesråda informerer kvarandre gjensidig snarast mogleg etter møtet 4. mars. Er det samla tilslutning til vidare arbeid blir kyrkjevevjene og prosjektsekretær bedt om å fortsetja arbeidet fram til neste møte i fellesnemnda.*

Fellesråda i Tysvær og Vindafjord må på møta sine 04.03 ta stilling til punkta ovanfor.

Samrøystes vedtak i Vindafjord kyrkjelege Fellesråd:

- I** Vindafjord kyrkjelege fellesråd går inn for Kyrkjerådet sitt alternativ 2.
- II** Vindafjord sender 1 representant frå kvart sokn (tilsaman 7).
- III** Tysvær sender 2 representantar frå Nedstrand og Tysvær sokn og 3 frå Førresfjorden sokn (tilsaman 7).
- IV** I tillegg sender Vindafjord og Tysvær kommune kvar sin representant, og biskopen sender 1 geistleg representant (tilsaman 3).
- V** Kyrkjevevja møter som sekretær.
- VI** Det vert lagt opp til 2 – 4 møte i året der alle 17 representantar møter.
- VII** Det vert oppretta eit arbeidsutval (AU) som får delegert ein del mynde gjennom eit delegasjonsreglement.
- VIII** Fellesrådet i Vindafjord aksepterer denne løysinga og går vidare med samanslåingsprosessen fram mot endeleg vedtak i juni 2026.

Vedtaket er formidla til Tysvær kyrkjelege fellesråd.

Vindafjord kyrkjelege fellesråd har og starta ein prosess der to sokneråd vurderer å slå seg saman. Dette er eit arbeid som tek tid, og vil ikkje ha påverknad på avgjersla som er gjort her.